

Fra: Grethe Marie Sandvik[]
Sendt: 23.08.2021 14:06:00
Til: Einar Holsvik[holsvikeinar@gmail.com]
Kopi: Natalie Martins Sæberg[natalie.martins.saeberg@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: VS: SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA, sak 2021/1772

Hei

Viser til e-post 18.08.2021 med spørsmål om løyve til å byggja gapahuk på kommunal grunn, 81/148, ved Fjordstien i Neslia, sak 2021/1772.

Kommunen som grunneigar har drøfta spørsmålet, og er svært positive og glad for at det er eit tydeleg lokalt engasjement for å betre tilhøva for fritidsaktivitet på dette kommunale regulerte friområdet.

Det ser ut til å vere eit flott område og eit bra prosjekt. Det er viktig at slike lokale friluftsområde blir utvikla og brukt.

Med bakgrunn i dette stadfestar Kvinnherad kommune som grunneigar at Interesselaget for fellestiltak i Neslia, orgnr 922421317 (heretter kalla Interesselaget) får rett til å nytte området til å byggja gapahuk på følgjande vilkår:

1. Interesselaget får rett til å nytte gnr/bnr 81/148 til å byggja gapahuk, jfr søknad i e-post 18.08.2021.
2. Interesselaget har plikt til å dekkje alle kostnader med tilrettelegging og drift av gapahuken, og er ansvarleg for at gapahuken blir bygd og vedlikehalde ut frå gjeldande føreskrifter.
3. Området skal fritt kunne nyttast av skulen, barnehagen og vere open for ålmenta.
4. Arealet er regulert til friområde/park, og området skal nyttast til dette. Interesselaget er ansvarleg for alle andre eventuelle offentlege godkjenningar.
5. Det er Interesselaget som er eigar av gapahuken. Kommunen som grunneigar fråskriver seg alt ansvar (herunder erstatningsansvar) for gapahuken, og er ikkje ansvarleg for skader eller annet gapahuken måtte påføre andre.
6. Privatrettslige og naborettslige høve i forhold til andre enn kommunen er Interesselaget sitt ansvar.
7. Interesselaget plikter å halda gapahuken i forskriftsmessig stand. Dersom gapahuken bør fjernast, kan kommunen krevja området rydda for alle installasjonar oppført av Interesselaget.

Viser til merknad frå Kristian Helgesen | *Folkehelsekoordinator og fagkoordinator kultur og idrett* og Friluftsrådet Vest v/daglig leder Oddvin Øvernes, sjå epostar under.

Dei meiner også at dette er eit positivt tiltak, som fell naturleg inn i det tilrettelagte friluftsområdet. Interesselaget skal ha skryt for at dei tilrettelegg for ålmenta på slikt vis.

Å byggje ein gapahuk ved turstien i Neslia er eit svært positivt tiltak som aukar verdien av dette populære tur- og friluftsområdet.

Dei oppmodar interesselaget å ta omsyn til brukarar med funksjonsnedsetting ved utforming av gapahuken, så ein unngår tersklar, stigning og andre barrierer, og at de vurderer å ha stengsle/grind slik at beitedyr ikkje har tilhald i gapahuken.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Oddvin Øvernes <oddvin@frivest.no>

Send: torsdag 19. august 2021 15:06

Til: Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>; Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>; Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Hjalmar Heimvik <hjalmar.heimvik@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>

Emne: SV: SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA.

Hei igjen!

Takk for epost. Eg vil gi min tilslutning til Kristian si vurdering. Å byggje ein gapahuk ved turstien i Neslia er eit svært positivt tiltak som aukar verdien av dette populære tur- og friluftsområdet. Det er viktig å ha gode møte og kvileplasser lange slike turstiar og ha fokus på universell tilrettelegging av tiltaket.

Det vil bli aktuelt å nytte geitene til beitetiltak for å halde kratt og vegetasjon nede, og dersom det blir naudsynt med ei stengsle for å hindre at gapahuk blir brukt av geitene kan det gjerast på ein enkel måte med ein enkel port.

Det er naturleg at interesselaget kan ha ansvar for tilsyn og drift av gapahuken, dette er eit offentleg friluftsområde som alle kan nytte seg av.

Friluftsrådet vil gi sin støtte til etableringa av gapahuken i Neslia friluftsområde.

Vennlig hilsen
Friluftsrådet Vest

Oddvin Øvernes
Daglig leder
Tlf 52774833/Mob 45632657

Fra: Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>

Sendt: torsdag 19. august 2021 10:55

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>; Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Hjalmar Heimvik <hjalmar.heimvik@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Oddvin Øvernes <oddvin@frivest.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>

Emne: SV: SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA.

Dette er eit positivt tiltak, som fell naturleg inn i det tilrettelagte friluftsområdet. Interesselaget skal ha skryt for at dei tilrettelegg for ålmenta på slikt vis!

Eg har nokre få kommentarar:

1. Kven er ansvarleg for drifta av gapahuken? Er det interesselaget som blir ståande som eigar?
2. Interesselaget vil at gapahuken skal vere tilgjengeleg for barnevogn og rullestol. I sommar har vi hatt ei omfattande kartlegging av nettopp tilgjenge i friluftsområda i Kvinnherad. Resultata ligg på norgeskart.no under «Tilgjengelighet». Store deler av turstien i Neslia er klassifisert som grøn for dei som ferdast med elektrisk rullestol, og det er ikkje langt unna at stien er tilgjengeleg med vanleg rullestol også. Eg oppmodar interesselaget å ta omsyn til brukarar med funksjonsnedsetting ved utforming av gapahuken, så ein unngår tersklar, stigning og andre barrierer. Erfaringa frå kartlegginga syner at bord og benkjer som tillagast i friluftsområde ofte har nokre små manglar. Små tilpassingar ville gjort dei tilgjengeleg for alle. Eg vil tru det er greitt å søkje råd hjå ergoterapitenesta i Kvinnherad kommune om ein har spørsmål til utforming, alternativt hjå undertegna. Tilgjenge i friluftsområde følgjer naturleg nok ein litt anna standard enn det ein finn i byggjeforskrift, men ein søker å følge prinsipp om universell utforming og likeverdig tilgjenge når ein først byggjer.
3. I sommar har det vore beitande geiter i friluftsområdet. Kan det tenkjast at geitene kjem til å nytte gapahuken til ly og «opphald»? Er det ei ulempe? Ei eventuell grind vil på motsett side gjere adkomsten til gapahuken mindre tilgjengeleg for brukarar, ref pkt 1.

Med helsing

Kristian Helgesen | Folkehelsekoordinator og fagkoordinator kultur og idrett

Mobil: +47 991 69 403 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no | 



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Fra: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Sendt: onsdag 18. august 2021 13:43
Til: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>; Hjalmar Heimvik <hjalmar.heimvik@kvinnherad.kommune.no>
Kopi: Oddvin Øvernes <oddvin@frivest.no>; Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>
Emne: VS: SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA.

Viser til søknad om å byggja gapahuk på kommunal grunn 81/148 ved Fjordstien i Neslia.

Flott om de kan gje meg ei tilbakemelding på om dette er ok,... og om eg skal sette nokre vilkår til løyvet.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Einar Holsvik <holsvikeinar@gmail.com>
Send: onsdag 18. august 2021 11:00
Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Kopi: Einar Holsvik <holsvikeinar@gmail.com>
Emne: SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA.

Kvinnherad Kommune
Eigedomsavd.
Att. Grethe Sandvik.

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA GAPAHUK PÅ KOMMUNAL GRUNN VED FJORDSTIEN I NESLIA.

Vi viser til mail frå Natalie Martins Sæberg 31.05.21 vedk. sak 2021/1772.

Vedlagt søknad, sjå side 2, samt info om prosjektet inkl. dokument som blei nytta ved nabovarsling. Dersom det er ynskje om meir informasjon eller anna, ta kontakt med Einar Holsvik, mob. 91515215, holsvikeinar@gmail.com

Vi gjer spesielt merksam på at Friluftsrådet Vest har vore involvert i planane frå første stund og vil bidra vidare til prosjektet er gjennomført.

Vi håpar på svar med det første, slik at vi kan gå vidare med ein søknad til Kvinnherad Kommune Avd. Byggesak.

Håpet er å byggja gapahuken tidleg i haust.

Med helsing

INTERESSELAGET FOR FELLESTILTAK I NESLIA, ORGNR. 922 421 617

Kjetil Helvik, styreleiar